Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Lauving (nr. 9)

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bruvik

Emne:

Bygdelag: Eidsfjorden.

Oppskr. av: Andr. Leiro

Gard: fleire.

(adresse): Voss.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lauving har ikkje i manns-minne vore rekna til den faste forsanking. Då var skav og mork og beit det mykje meir. Men dei lauva sakte når det fall seg, og det var um våren med dei løsta.*) Allvisst i einare tid hogg dei bjørki ned då. Var det då ungar eller anna høveleg og avlaust folk, so lauva dei av og til noko – eller "løgga som dei helst sa. Nokon vidare tradisjon var det ikkje med det arbeidet. Snidl var kjend, men mest berre av namn. Dei bruka sigd til å hogga kvistene av med. Kvistene batt dei i kjerv. Dei vart stundom turka ute, men ofte tekne inn i løa og hengde kring veggene. Ein måte var å stikka ein start ned millom bordtaksfjølene. Elles vart det no som det fall seg.

*) Løstingi var i kring jonsok. Då "går" bjørki. Når raunen blømer er det rette tidi.

2076

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Lauving II

2

I tidlegare tid hadde nok lauving vore
mein ålmenn, og då styvde dei trei.
Det stod her og der ikkje lite av slike
gamle björhestuvar. Ask var det ikkje
i bygdi, men derimot eik og alm.
Båe slagi vart styvde, men visst ikkje
for foret si skuld. Ålmeborken gav
nok folkemat. „Da står ikkje på dei so ha
alm" er eit gamalt herme. Eike=
renningane var gode „höll= ebne"
(hòvold=emne). Ålmeborke var forresten
nytta til grisefor. Då flekte dei borken
av og koka han. Rispa almelauv vart
og bruka til det.

Dei vilde gjerne raka lauv um
hausten, serleg når veret var slik
at det var turt. Det laut no vera
på stader der lendet var slik at
ein fekk tak i det. Og det vart helst
i tyrkeslåttar. Bjørk og osp var
det som det fanst so mykje av at
det var noko forslag i. Dei frakta
det heim i sekker, kipor, ein gamal
kittel ~~vorde~~ var og hjelpeleg. Sume la
det på tog. Eit svòl eller ~~eit~~ tomt
rom i löa var göymeplassen.
Dette lauvet bruka dei ikkje til for,
men til bös under kalvar og gris.
Det lauvet som var lögga, var for åt
både naut og sauer, men helst at geiter.
Stundom hakka dei lauvkjervi ~~og gav~~
saman med ringt höy, halm, potetris
(potekål) og gav kyrne det som sjyrpa.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2076